

Saker til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Radøy.

Mental Helse Radøy og Austrheim har to saker som me ynskjer at RMNF tek opp til handsaming.

Sak 1

Aktivitetstilbod/møteplass for brukarar innanfor psykisk helse.

Hausten 2016 starta det opp eit aktivitetstilbod - Aktiv Saman – to dagar i veka. Etter kort tid vart tilbodet redusert til berre ein dag i veka. Etter det me kjenner til, vart dette gjort grunna mangel på ressursar i Avdeling for psykisk helse. Me stiller oss undrande til at dette ikkje vart sett då planlegging og prosjektering av tilbodet vart gjort. Vart kapasitet og ressursar endra på nokon måte berre få månader etter at tilbodet starta opp? Me har forståing for at det kan vere vanskeleg å føresjå ein del ting i forkant, og at endringar kan skje. Men slik me ser det, er det ikkje bra å ta noko i frå brukarane i eit tilbod som har vore ønska lenge, og særskilt ikkje så brått, berre kort tid etter at det kom i gang. For lite ressursar, som reduisering av tilbodet vart grunna med, er ei årsak som me gjerne skulle fått vite noko meir om. Kva for ressursar er det ein snakkar om? Har Avdeling for psykisk helse for låg bemanning til at dei kan bruke tid på å ha aktivitetstilbodet ope to dagar i veka? Er det tilbodet i seg sjølv som er for dyrt (leige av lokale, mat og drikke, innkjøp av materiale og utstyr til ulike aktivitetar ein kan drive med)? Er det fordeling av ressursbruken som er utfordrande å få til?

Korleis vert ressursane generelt i Avdeling for psykisk helse fordelt?

Me har fått nokre tilbakemeldingar frå dei som nyttar seg av tilbodet Aktiv Saman, og det me har fått høyre er at dei syns det er eit bra tilbod.

Me stiller oss spørsmålet om kor mykje brukarane har vore og er involverte i å utforme tilbodet Aktiv Saman. Har brukarane ein reell moglegheit til å påverke korleis det skal vere? Er brukarane nøgd med eit tilbod som har ope berre ein dag i veka? Og fekk brukarane høve til å uttale seg og seie si meining om at tilbodet skulle reduserast? Fekk dei høve til å vere med på å sjå om ein kunne løyse dette med ressursmangelen på ein måte som gjorde at ein gjerne ikkje måtte redusere opningstida? Fekk dei høve til å komme med forslag til løysing? Har aktivitetstilbodet Aktiv Saman reell brukarmedverknad?

Me håpar at RMNF kan hjelpe oss med å få nokre svar frå kommunen i denne saka.

Sak 2

Psykiatriplan for Radøy

Me har i mange år etterspurd ein ny psykiatriplan. Etter det me veit, gjekk Radøy sin første psykiatriplan ut i 2007 (!) og det har enno ikkje komme ein ny plan «på bordet.» Me har gjort

fleire forsøk på å komme i dialog med kommunen om dette, der me er klare på at i utarbeiding av ein slik plan, skal det vere brukarrepresentant(ar) med heilt i frå startfasen. Me har ikkje lukkast med å få i gang ein skikkeleg dialog, og ein ny psykiatriplan let vente på seg. Me syns at dette er for dårleg. Radøy kommune har altså drive ei avdeling for psykisk helse utan psykiatriplan i 10 år! Korleis kan ein drive forsvarleg og ha oversikt og fordele ressursbruk utan å ha ein god plan – ein eigen psykiatriplan? Syner til Sak 1 i skrivet; kunne kommunen ha gjeve eit enno betre aktivitetstilbod dersom dette hadde vore forankra i ein psykiatriplan?

Me vil setje pris på om RMNF kan ta opp denne saka og hjelpe oss med å leggje press på kommunen for å få på plass ein psykiatriplan.

På førehand, takk.

Mvh

Mental Helse Radøy og Austrheim

Wenche Frantzen
leiar